

## **Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinnelag, på messenger 31.8.2020 kl 19.30-21.30**

Tilstades: Marit Tordhol, Mari Marthe Graff Ulsrud, Anne Grete Moen, Vigdis Amlie-Kristiansen, Gudrun Hage Høvre, Borgny Sletten, Bjørnhild Kihle (OBL)

### **32/20 Ledersamling i november - kva gjer vi?**

Vi ynskjer å gjennomføre det med fysisk møte. Men for å lodde stemninga sender vi ut eit info skriv som vi ynskjer attendemelding på innan 7. September. Hotellet er stort nok, og alle reglar blir handsama, men vi ynskjer å høyre om medlemmane vil koma .

Programforslag:

Laurdagen skal innehalde:

(Oppmøte kl 1230

Start kl 13)

-Lokallagets time: Dele opp regionvis.

-Refleksjonsnotatet: Grundigare gjennomgang av refleksjonsnotatet. Gruppearbeid og debatt

Kulturelt innslag: Gudrun tek kontakt

Deles ut under middagen:

Årets lokallag i Oppland 2019: Skjåk bygdekvinnelag.

Årets positivpris 2019:

Søndagen skal innehalde:

Tema sjølvberging : Marte Olsen, Markedshagen

Mari Marthe tek kontakt med ho.

Sidan det har vore eit Bygg prosjekt i samarbeid med NIBIO kunne vi tenkje oss besøk frå nokon som vil fortelje om evt. Kva dei fann. Invitere noen fra sentralstyret/ sekretariatet? Borgny tek kontakt med dei..

Det er ny koordinator i Krafttak mot kreft - han er ein aktuell kandidat. Per Bjørnstad Marit tek kontakt.

(slutt til lunsj)

### **33/20 Lokallagsrunden og Bondelaget/Bygdeungdomslaget:**

Valdres: Åbjør: Mange gamle medlemmer, og tørr ikkje ha så mykje. Har planlagt årsmøte.

Øystre Slidre: Har vore stille. Var med og serverte mat til konfirmanter som gjekk pilgrimsleden. Har planlagt årsmøte.

Hadeland Land: Jevnaker: Dei ynskjer å leggje ned. Nordre Land: Dei har hatt to arr i Bygdekvinneveka. Eit nytt medlem. Aktive! Planlegg årsmøte. Torpa: Har ikkje hatt arr. Men har vore ute blant anna på ein husmannsplass. Mange tørr ikkje møtes. Folk er reservert og forsiktige. Planlegg fysisk årsmøte. Brandbu: Aktivt lag! Har vore aktive, med mykje ute aktiviteter. Fysisk årsmøte. Færre og færre. Ikkje styre.

Østre Gran: fløtte bygd til potetfestivalen. Turistvert på Granavollen

Nye medlemmer. Aktivitet!! Temaer som fenger.

Toten: Vestre Toten: Har ikkje starta oppatt med medlemsmøter. Dei har kontakta kommunelegen og han oppmoda og vente 3-4 veker. Så da gjer vi det.

Vardal: Dei har arbeidd mykje med kurs i tradisjonsmat, men har funne ut at dei utsett det til etter nyttår.

Dei arrangerte augustmøte ute på Gjøvik Gård. Hadde besøk av landskapsarkitekt Heidi Froknestad i parken på Gjøvik Gård. Påmelding, medbragt mat og kopp og servering av kaffe/ te etter smittevernregler.

Dessverre, må vi avlyse bedriftsbesøk på Huntons nye fabrikk, da de ikke tar imot grupper enn så lenge. Derfor besluttet styret via e-post å arrangere en trimtur samme dag, i barkløypa på Vind.

Opplegget blir som på Gjøvik Gård. Påmelding (smittesporing), egen mat og drikke.

VBK har deltatt i syng av smittevernfrakker til flergangsbruk, og har meldt seg til å bake med eldre som har hatt begrensede muligheter under koronaen. Begge tingene i regi av Frivilligsentralen.

Vi har hatt flere styremøter p.g.a kurset og planer videre i høst.

Vi deltar også i «Verdens matvaredag»

Årsmøte holdes torsdag 15.oktober på Øverby, der det er tilstrekkelig med plass.

---

Sørdalen: Øyer: Planlegg bygg møte med Einar Risvik.

Norddalen: Bra aktivitet! Alle ser ut til å vilja ha fysisk årsmøte.

Generelt tykkjer mange det er ei utfordring og møtes. Fleire lag vel å leggje arrangementet utandørs og tykkjer dette er betre.

### **34/20 Eventuelt**

- Årsmøtet 2021: Er bestilt på Hafjell 13.-14.Mars

- Distriktsledersamlinger i haust. Marit deltek.

-Nye og gamle fylkesledere har gått saman om ei avtakingsgave til Ellen. Det blir forfattet ei helsing og takk frå fylkesstyra.

- Oppfordring fra Vestre Toten bygdekvinne lag om å avstå fra godtgjørelser i 2020 grunna låg aktivitet i koronatida. Informasjon og kort drøfting. To lag har gitt sine tilsvaer. Refereres i møtet.

**Ref Borgny**